



Dei fire polakkane som har arbeidd med bustadene oppå SPAR-butikken er snart ferdige med jobben. Dei er mellom dei inviterte til samlinga tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag kveld er dei nye sambygdingane våre invitert til ei samling i Helgheim. Samlinga er i regi av Uskedalen Utvikling, men det er Magne Huglen som har teke initiativet.

Huglen har vore ein føregangsmann når det gjeld å knytta kontakt med utlendingar som har kome til bygda vår og strekar under kor viktig det er at dei kjem inn i eit sosialt nettverk.

Invitasjonen er retta mot blant andre dei som kjem frå Polen og Litauen som enten bur i Uskedalen eller arbeider i bedrifter her.

Helgheim-samlinga vil bli både eit informasjonsmøte og ei sosial samling med enkel servering.

I invitasjonen skriv Huglen at dei og vonar at bygdefolk frå Uskedalen også ynskjer å koma i tillegg til dei som er invitert spesielt.

Frå kommunen vil ordførar Synnøve Solbakken og kultursjef Kristian Bringedal vera på plass. Andre som kjem er Kvinnherad Næringssservice ved Karin Thauland, Vaksenopplæringa ved Elisabeth Croles, lensmannskontoret og representant frå Sparebank1 Kvinnherad i tillegg til lag og organisasjonar og firma i Uskedalen. Det er ikkje minst svært viktig at bygdefolket møter fram.

Møtet startar klokka 19.30 og hvis ein har spørsmål kan Magne Huglen kontaktast på nummer 97 04 01 53.

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen varmar opp foran låvedans-sesong saman med ein av dei gode medarbeidarane sine - Justyna Anna Janiszewska. (Foto: Ola Matti Mathisen)